

Høyringsvar til «Forslag til nye forskrifter og endringer i utvalgte forskrifter på viltområdet i forbindelse med ikrafttredelse av viltressursloven», frå administrativt fagnettverk for vilt i Sunnfjord, Nordfjord og Søre Sunnmøre

Bakgrunn

Kommunane i Sunnfjord, Nordfjord og nokre kommunar på Søre Sunnmøre samarbeider, på administrativt nivå, m.o.t. viltforvalting og særskilt hjorteforvalting. Det er etablert eit nettverk mellom dei viltansvarlege i kommunane Bremanger, Herøy, Hareid, Ulstein, Kinn, Volda, Ørsta, Stryn, Sunnfjord, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Gloppen og Stad. Desse kommunane utgjer ein sentral del av det historiske kjerneområde for hjort i Noreg. I overkant av 20 % av alle felte hjortar i Noreg vart felte i desse kommunane i 2025.

Nettverket har i fellesskap gått gjennom forslaget som er sendt på høyring. På bakgrunn av gjennomgang er vi samde om å gje eit felles høyringsvar frå nettverket, på dei punkta i høyringsforslaget som vi meiner er særleg relevante for viltforvaltinga i kommunane.

Samandrag av høyringsinnspelet

Generelt om forslagens § 29a, 4. ledd:

- Nettverket meiner at forslaget til regulering av termiske siktemiddel er lite tenleg og har svak grunngjeving.
- Det svarar ikkje ut Stortinget sitt oppmodingsvedtak om å sikre vidare lovleg bruk av termiske siktemiddel til hjortejakt.
- Stortinget har aldri etterlyst geografisk avgrensing – kun vidareføring av praksis.

Om potensielle konsekvensar av høyringsforslaget:

- Forslaget vil føre til betydeleg byråkrati.
- Kommunane må søkje løyve til forskrift som tillèt bruk av termiske siktemiddel kvart 5. år.
- Unødvendig krav til dokumentasjon av skadesituasjonen.
- Forskriftsprosess per kommune: anslått om lag 5-10 dagsverk → ca. 70-140 dagsverk totalt (for våre kommunar) ved første runde.
- Auka risiko for ulik praksis/regelverk mellom kommunar med felles hjortebestandar.
- Forskjellige reglar mellom nabokommunar vil undergrave bestandsplanar som skal gå på tvers av grenser.
- Kan risikere at vald som strekkar seg over kommunegrensene kan få forskjellig praksis mellom jaktfelt avhengig av kva kommune dei ligg i.
- Jegerar må halde seg til ulike reglar i same region – upraktisk og uoversiktleg.
- Krev etablering av nye system og tiltak.
- Hjort er ikkje ein truga art – tiltaket står ikkje i forhold til behovet.
- Hjortetettleiken vert regulert ved tildeling av løyve, termiske siktemiddel er berre eit hjelpemiddel til å nå kommunen sine fastsette mål.

Vårt forslag til § 29a, 4. ledd om termiske siktemiddel til hjortejakt:

Restlysfosterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord

Om forslag til ny § 29a, i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.

Vi meiner at reglane som er tatt inn i 4. ledd, om bruk av termiske siktemiddel, er lite tenleg av mange grunnar. Vi meiner også at grunngevinga for framlegget har klare svakheiter ved seg.

Om Stortingets oppmodingsvedtak, inkludert vårt forslag til oppfølging av dette

Vi oppfattar at forslaget (§ 29a, 4. ledd, i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst) er meint å svare ut stortingets oppmodingsvedtak nr 746, som vart gjort i samband med handsaming av innstilling 301 L, 2024 – 2025. Vedtaket lydde som følgjer: «Stortinget ber regjeringen raskt utforme forskrift som fortsatt tillater bruk av termisk sikte i hjortejakt».

I samsvar med Stortingets vedtak legg vi til grunn at termiske sikte har vore lovleg å nytte, fram til no. Vi meiner vidare at vedtaket er å forstå slik at stortinget ber om at det må lagast ei nasjonal forskrift som sikrar at det framleis skal vere lov å bruke termiske siktemiddel til hjortejakt. Vi oppfattar ikkje at stortinget har bede om noko forskrift som skal geografisk avgrense den lovlege bruken av termiske siktemiddel til eit utval kommunar. Vi tolkar det heller til at forskrifta skal utformast slik at den lovleg etablerte bruken av termiske siktemiddel, på hjortejakt, skal kunne halde fram som før.

På denne bakgrunn meiner vi at forslaget ikkje svarar ut Stortingets oppmodingsvedtak. Vi meiner det ville vere tilstrekkeleg med ein forskriftstekst som opnar for bruk av termiske siktemiddel på hjortejakt, som følgjer: **«Restlysfosterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».**

Vi meiner det er naturleg å avgrense bruken av termiske siktemiddel til dyrka jord, fordi det i hovudsak er på innmark bruken av termiske siktemiddel er etablert. Vi meiner også at det er eit poeng at «dyrka jord» er eit omgrep som dei fleste jegerar forstår og som ikkje gjev rom for mykje tolking. Vidare er det også eit poeng, for oss, at hjort som nyttar dyrka jord til beite «per definisjon» gjer skade på landbruket. I motsetning gjer hjort som held seg i utmark og til fjells relativt lite eller ingen skade på landbruket (med unntak av beiteskade på planta skog). I tillegg meiner vi at det er lite ønskeleg med jakt i utmark i den mørke tid av døgnet. Dette av omsyn til at anna vilt (og hjorten i seg sjølv) ikkje bør uroast i utmarka på nattetid. I samsvar med det departementet skriv, i høyringsnotat, ser vi også at det kan vere tryggleiksmessige grunnar til å avgrense jakt med termiske siktemiddel til opne landskap.

Vurdering av konsekvensar av departementas forslag

Forslaget til departementa lyder som følgjer, § 29a, 4. ledd:

« Landbruksdirektoratet kan etter søknad fra den enkelte kommune tillate at det i kommunal forskrift åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort for å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser. I søknaden må kommunen dokumentere et behov for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler for å avverge alvorlig skade. Slik forskrift kan fastsettes for en periode på inntil fem år om gangen, og skal avgrense bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler til jakt i åpent terreng. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret».

Dersom dette forslaget vert vedtatt vil det medføre omfattande byråkratiske prosessar i våre kommunar. Kvar femte år må kvar enkelt kommune søkje Landbruksdirektoratet om løyve til lokal forskrift om termiske siktemiddel. Vidare vert kommunane ansvarleg for å skaffe fram dokumentasjon på skadesituasjonen lokalt i den enkelte kommune.

Det å vedta ei forskrift føreset i seg sjølv ein omfattande prosess. Kommunane må førebu og greie ut eit forskriftsforslag, som så må sendast på høyring/leggast ut til offentleg ettersyn, slik at relevante aktørar får høve til å uttale seg om forslaget, og deretter må kommunane vurdere dei innkomne høyringsuttalane og eventuelt justere forskrifta før ho vert vedtatt. Utifrå våre erfaringar med forskriftsarbeid kan vi vanskeleg sjå at dette let seg gjer utan bruk av om lag 5-10 dagsverk per kommune. For våre kommunar aleine vil det innebere om lag 70-140 dagsverk ved fyrstegongs vedtak av forskrift.

Viltforvaltarane i kommunane har allereie stor arbeidsmengde og har ikkje nødvendigvis god kapasitet til å gjennomføre dette arbeidet (kvar 5. år). Når eit så betent tema skal vurderast på kommunenivå vert også resultatet raskt personavhengig. I tillegg set det kommunen i ei vanskeleg mellomposisjon innanfor eit allereie konfliktfylt tema. Det blir og vanskeleg for jeger, som gjerne jaktar i fleire kommunar i same region, å halde tritt med kva utstyr som kan nyttast kor. Spesielt vanskeleg kan det verte for jegerane i dei hjortevalda og bestandsplanområda som kryssar kommunegrenser.

I lowverket elles er det lagt fram ønskje om at ein skal forvalte hjorten på bestandsnivå uavhengig av kommunegrenser. Dette er noko det har blitt jobba lenge for å få til. Det blir då ugunstig at reglar rundt jakta skal bli forskjellige mellom dei forskjellige kommunane som kanskje deler bestandsplanområde og vald. Dette vil det, som nemnt, bli vanskeleg for jegerane å forhalda seg til.

I tillegg legg forslaget opp til at kommunane skal syte for dokumentasjon av skadesituasjonen. Per i dag vert ikkje skadesituasjonen overvaka på kommunenivå. Det finnast ikkje nokon enkel og rimeleg måte å overvake skadesituasjonen på kommunenivå. Det vil enten seie at kommunane må utarbeide ny metodikk for skadeovervaking, eller så må dei koste omfattande skadetakseringar av grovforavlingar og produksjonsskog. Og sjølv om skadeovervaking er noko som kommunane truleg kan samarbeide om, kan vi ikkje sjå at dette let seg løyse utan å setje av store ressursar i kvar kommune. Dersom overvaking av skade skulle vere påliteleg og halde fagleg mål vil

vi grovt anslå at det måtte setjast av ressursar tilsvarende eit kvart årsverk per kommune på permanent basis. Det vil i så fall seie 3,5 årsverk totalt i våre kommunar.

Vi kan ikkje sjå at ein slik ressursbruk kan forsvarast med tanke på at hjorten er ein talrik art og at det er ingenting som tilseier at overlevinga til hjortebestandane i Noreg står i fare. Det er også svært problematisk med tanke på at kommune-Noreg (og offentleg sektor generelt) står i eit stort omstillings- og effektiviseringspress, der vi skal tilpasse oss endra demografi med venta mangel på arbeidskraft til offentlege tenester, i dei komande tiåra.

Vi meiner at forenkling og effektiviseringsomsyn, som staten sjølv har sagt skal vektleggast m.o.t. utforming av regleverk, tilseier at høyringsforslaget ikkje bør vedtakast slik det ligg føre.

Merknader til vurderingar i høyringsnotat

Slik vi oppfattar det, legg departementa til grunn at eit forbod mot termiske siktemiddel til bruk på hjortejakt i utgangspunktet er å rekne som eit «nødvendig (og eigna) lovgjevingstiltak» for å sikre det spesielle vern av arter av vill fauna som Noreg er forplikta til gjennom Bernkonvensjonen. Departementa hevdar (i høyringsnotatet) at bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel til jakt vil bryte med Bernkonvensjonens forbod mot bruk av «kunstige lyskjelder», «innretningar for å belyse byttet» eller «sikter for nattjakt, beståande av innretningar for elektronisk forstørrelse eller overføring». Vi ser på dette som departementets tolking av «forbodsteksten».

Departementa skriv: «Departementene har over tid lagt til grunn at Bernkonvensjonen artikkel 8, jf. vedlegg IV, forbyr bruk av blant annet termiske siktemidler ved felling av arter som er oppført på konvensjonens vedlegg III. Dette gjelder blant annet for hjort. Viltressursloven § 26 første ledd stadfester dette utgangspunktet». Vi merkar oss at det før viltressurslova vart vedtatt ikkje låg føre noko forbod mot bruk av termiske siktemiddel i Noreg, og at Stortinget i samband med vedtak av lova har gjort eit oppmodinsvedtak om at det skal forskriftsfestast ein heimel for framleis bruk av termiske siktemiddel til hjortejakt. Når det ikkje tidlegare er innført noko «lovgjevingstiltak» mot bruk av termiske siktemiddel (og hjortebestandane i Noreg er rekordstore) kan det ikkje reknast som opplagt at dette er å rekne som eit «nødvendig tiltak» i Bernkonvensjonens forstand, per i dag.

Vi er heller ikkje kjend med at den relevante komiteen under Europarådet (eller andre relevante organ) har sett det som naudsynt å ta konkret stilling til om termiske siktemiddel fell innunder nemnte forbod eller «påtale» Noreg for manglande innføring av lovgjevingstiltak.

Føremålet med Bernkonvensjonen vert elles sagt å vere: «å verne vill flora og fauna og deres naturlige leveområder, med særlig vekt på truede og sårbare arter og arter og leveområder som krever samarbeid mellom flere stater og å fremme slikt samarbeid». Vi ser ikkje forbod mot bruk av termiske siktemiddel, til bruk på hjortejakt, som eit «nødvendig lovtiltak» for at hjortebestandane i Noreg skal sikrast slikt vern som Bernkonvensjonen legg opp til. Vi meiner at allereie eksisterande reglar, i hovudsak i

naturmangfaldslova og Forskrift om forvaltning av hjortevilt, sikrar nødvendig vern, m.a. gjennom reglar om; kommunale mål for hjorteforvaltinga, tildeling av fellingsløyve for jakt på hjort og kor tid det kan opnast for jakt på hjort i det heile.

Vi meiner altså at ei forskrift som opnar for bruk av termiske siktemiddel til hjortejakt ikkje føreset noko unntak frå forpliktingane som følgjer av Bernkonvensjonen.

I samband med at departementa drøftar forsvarleg jaktutøving og dyrvelferd, hevdar dei at jakt i den mørke delen av døgnet «stiller større krav til jegerens ferdigheter» enn anna jakt. Dette meiner vi er noko unyansert. Jakt i den mørke delen av døgnet skjer i all hovudsak som posterings- eller snikjakt knytt til innmark. Dette inneber oftast skotsituasjonar med rolege dyr i oversiktleg (og «kjende») omgjevnader (for jegeren). Driv- og støkkjakt i utmark på dagtid meiner vi opplagt gjev mykje meir krevjande skotsituasjonar enn nattjakta på innmark. Men sjølv sagt, dersom driv- og støkkjakt skulle skje i den mørke delen av døgnet med bruk av termiske siktemiddel ville utsegna vere dekkande.

Våre vurderingar av bestandssituasjon for hjort og behov for jakt på dyrka jord i den mørke del av døgnet

I Sett- og skutt-materiale for 2025 er 55 % av rapportert skotne hjortar felt på innmark i våre kommunar. For innmarksjakta er termiske siktemiddel utvilsamt eit gode. Det gjev jegerane betre høve og tid til å studere hjorten før ein eventuelt skyt (samanlikna med vanlege optiske siktemiddel), og dermed betre mogelegheiter til å utøve retta avskyting (m.o.t. kjønns- og alderskategoriar) og å vente på skotesituasjonar som er tryggast mogeleg (m.o.t. avstand, skytevinklar, bakgrunn osv.). Vestland fylkeskommune har gjennomført ei spørjeundersøking (v/NINA) som dokumenterer at ein stor del av hjortejegerane i Vestland har tatt i bruk termiske siktemiddel.

Departementa sjølve har gjort vurdering av hjortebestandane i Noreg. Dei skriv m.a. at dei legg til grunn at bruk av termiske siktemiddel «ikkje truer bestandens overlevelse». Vi er samde med departementa om dette. Utifrå dokumentasjonen som overvåkingsprogrammet for hjortevilt og andre (sjå vedlegg med vår gjennomgang av diverse relevant kunnskapsgrunnlag) har skaffa fram er det ingen grunn til å tru at hjortejakta i seg sjølv vil truge overlevinga til hjortebestand i nærmaste framtida (det vere seg med eller utan bruk av termiske siktemiddel).

I Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet sitt framlegg til «Strategi for forvaltning av hjortevilt» (jamfør høyringsbrev frå Landbruksdirektoratet datert 14.07.2025) er det formulert følgjande visjon: «Robuste bestander i en natur i endring». Vi meiner på denne bakgrunn at staten bør syte for at det vert peika ut og sett nokre (fagleg funderte) mål for eigna indikatorar (t.d. gjennomsnittlege slaktevekter og reproduktiviteten hjå ungkoller) på kor robust hjortebestandane er i økologisk forstand. Då kan departementet gjennom overvåkingsprogrammet følge med på utviklinga over tid, og så lenge bestandane ikkje når desse måla kan (i alle høve) ikkje forbod av termiske siktemiddel til hjortejakt reknast som eit nødvendig tiltak etter Bernkonvensjonen.

Departementa viser sjølve til at: «I Innst. 301 L (2024–2025) s. 8 fremgår det av en flertallsmerknad at "termisk nattoptikk er nødvendig for å oppnå målrettet og effektivt uttak". Departementene legger til grunn at Stortinget vurderer det slik at det per i dag ikkje finnes andre tilfredsstillende løsninger for å ta ut tilstrekkelig antall hjort enn å opne for bruk av særskilte siktemidler».

Vi meiner at dersom bruk av termiske siktemiddel skal truge hjortebestandane overleving så må det samstundes innebære at dei rettsreglane som i dag gjeld for tildeling av fellingsløyve for hjort må setjast til side. Og dersom vi avgrensar bruk av termiske siktemiddel til dyrka jord så vil det, sjølv under desse føresetnadane, vere lite truleg at ein nokon gang kan kome i ein situasjon der hjortebestandane si overleving vert truga. Dyrka jord utgjer ikkje meir enn 3 % av landarealet i Noreg, så på 97 % av landarealet vil det ikkje bli jakta med termiske siktemiddel. Ein stor del av hjortebestanden oppheld seg nok på dyrka jord i løpet av jaktseasonen, men neppe 100 %. Og desto høgare jaktpress det eventuelt vert på dyrka jord, desto meir vil jaktseleksjonen føre til premiering av hjortar som ikkje nyttar innmarka. Dette sidan jakta er den heilt dominerande faktoren for regulering av storleiken til hjortebestandane i dag.

Konklusjonar

Vi førsler primært at § 29a vert endra til:

«Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Eit sekundert framlegg frå oss vil vere at det vert endra til noko ala:

«Fylkeskommunen kan fastsette forskrift om at bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt . Det kan åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt i regioner der overvåkinsprogrammet for hjortevilt har godtgjort lave gjennomsnittlige slaktevekter og lav produktivitet for ungkoller, henholdsvis under 45 kg og færre enn 50 % av kollene tar kalv ved 1,5 års alder».

Dersom det ikkje vert vedtatt ei nasjonal forskrift som tillèt termiske siktemiddel på hjortejakt, bør forskriftsheimelen i alle fall flyttast til Fylkeskommunen. Vi føreset at Fylkeskommunane har (eller skaffar seg) tilstrekkeleg kompetanse på hjorteviltforvaltning.

Til sjuande og sist må jeger vite kva dyr som skal takast ut. **Det er bestandsplanane og løyva som tildelast som skal vere styrande for måloppnåinga i hjorteforvaltninga i Noreg.** Ved tildeling av løyve/godkjenning av bestandsplanar gjer kommunane, og jaktrettshavarane, jobben med å vurdere hjortetettleiken, kondisjonen og stammens robustheit, samt beiteskade, påkøyrslar og anna. Det er dette som skal styre hjorten si utvikling. Bruk av termiske siktemiddel er berre eit hjelpemiddel for å klare å ta ut dei dyra som har blitt tildelt. Dette bør, åleine, vere grunn god nok til at det i den sentrale forskrifta vert vedtatt at bruk av termiske siktemiddel til hjort framleis skal vere lovleg.

Sunnfjord/Nordfjord/Søre Sunnmøre 13.04.2026

Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune/s.
Bjørnar Eikenes, Herøy, Hareid og Ulstein kommune
Peder Magnussen – Volda og Ørsta kommune
Magnus Frøyen, Kinn kommune/s.
Joar Helgheim, Sunnfjord kommune/s.
Sigbjørn Rolandsen, Stryn kommune/s.
Lindis Østgård, Gloppen og Stad kommunar/s.
Kenneth Aaland, Hyllestad, Fjaler og Askvoll kommunar/s.